

Angreskjema

ved kjøp av varer og tenestar som ikkje er finansielle tenestar.

Fyll ut og returner dette skjemaet dersom du ynskjer å gå frå avtala.

Utfylt skjema sendast til:

Vest-Telemark Kraftlag AS

Høydalsmovegen 815, 3891 Høydalsmo - epost: kunde@vtk.no

Eg/me underrettar herved om at eg/me ynskjer å gå frå mi/vår avtale om kjøp av fylgjande: (set kryss)

- varer (spesifiser på linjene nedanfor)
- tenester (spesifiser på linjene nedanfor)

Set kryss og dato:

- Avtala blei inngått den (dato) _____ (ved kjøp av tenester)
- Vara blei motteke den (dato) _____ (ved kjøp av varer)

Forbrukaren/forbrukerane sitt navn:

Forbrukaren/forbrukerane si adresse:

Dato: _____

Forbrukaren/forbrukerane si underskrift (dersom papirskjema nyttas).

Skjema for opplysningar om angre rett

Den næringsdrivande fyller ut og gjev skjemaet til forbrukaren. Ved korrekt utfylt skjema er opplysningane i angre rettlova § 8 fyrste ledd bokstav h, i og j , jfr. andre ledd, sjå som gitte.

Angre rett

Du har rett til å gå i frå denne avtala i løpet av 14 dagar utan å grunngjeva dette. Angre fristen går ut 14 dagar etter at avtala vart inngått.

For å kunne bruke angre retten må du opplyse oss, Vest-Telemark Kraftlag AS, på ein eintydig måte om du vel å gå ifrå avtala.

Postadresse: Høydalsmovegen 815, 3891 Høydalsmo

Epost: kunde@vtk.no

Du kan bruke det vedlagte angre rettskjemaet, men det er ikkje obligatorisk.

For å overhalde angre fristen er det nok at du sender meldinga om at du vil bruke angre retten før angre fristen går ut.

Verknaden av å bruke angre retten

Dersom du går ifrå denne avtala, skal vi betale tilbake alle betalingar vi har fått frå deg.

Dersom du har bede om at utføringa av tenestene (medrekna levering av vatn/gass/elektrisitet/fjernvarme) skal ta til før angre fristen går ut, skal du betale oss eit beløp som står i forhold til det som er utført eller levert fram til du gav oss melding om at du ynskte å gå ifrå avtala, samanlikna med full oppfylling av avtala.